

Følg sendinga frå Norway Cup direkte. Sterk seier til J14!!

01.08.2016



J14 laget spelar no.

**Det er no pause i første kampen for J14-laget til Rosendal/Uskedal. Dei spelar mot Hafslo, og i den spennande kampen tok Rosendal/Uskedal leiinga 1-0 like før pause ved Uskedalsjenta Silje Soldal. De kan sjå kampen direkte via Rosendal turnlag si facebookside. Det vert ein spennande 2. omgang!!**

Det har vore ein jamn 1. omgang mellom to svært gode lag. Tempoet i kampen har vore høgt og spelet har bølga fram og tilbake. Elles er det strålande ver i hovudstaden, og det er kjekt å kunna oppleva litt av stemninga via dataskjermen. Publikum er godt med, og vi hører at trenar Tor Gundersen styrer laget godt!

Gå inn på Rosendal turnlag si facebook-side og opplev både stemninga og spenninga.

**OPPDATERING:** Det gode spelet fortsette i 2. omgang. Etter scoringar av Silje Soldal og Hanna Tvilde gjekk laget opp til 3-0 før Hafslo reduserte til 3-1 like før slutt. Hafslo hadde også inne eit mål til i 2. omgang, men det vart korrekt annulert for offside. Dette var ein sterk start mot eit godt lag!

Trenar Tor Gundersen var naturleg nok svært fornøgd etter kampen. Til 'RT facebook-TV' utealte han:

- Imponert over kva dei får til mot god motstand. Ein jobbe- og lagseier. Ja, imponert!

Uskedalen.no kjem med oppsummering av dagens kampar i kveld.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Tor Gundersen